

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2021-2030

Saman om:
berekraft - attraktivitet - mangfald



Innhald



1.	Velkomen til Sunnfjord – kommunen med mangfald.....	3
1.1	Omkommuneplanen.....	4
1.2	Mål.....	5
1.1	Medverknad i planprosessen.....	8
2.	Dette er Sunnfjord kommune – statistikk og utfordringsbilete.....	9
2.1	Folketal og folketalsutvikling.....	10
2.2	Folkehelse og levekår.....	11
2.3	Klima og miljø.....	12
2.4	Bustadutvikling.....	12
2.5	Næringsutvikling og arbeidsplassar.....	13
2.6	Ny kommune	14
2.7	Attraktivitet	14
2.8	Kommunale tenester og økonomi	14
3.	Mål og visjonar for Sunnfjord kommune	15
3.1	Berekraftig utvikling - i eit lokalt perspektiv.....	16
3.2	Internsjonsavtalen for Sunnfjord kommune.....	17
3.3	Grunntanken i målsettingane.....	17
3.4	Mål og satsing for Sunnfjord kommune.....	18
3.5	Slik skal vi måle at vi er på rett veg.....	19
4.	Vi skapar det gode kvardagsliv for innbyggjarane våre	20
4.1	Vi legg til rette for gode bumiljø og ein aktiv og saumlaus kvardag.....	21
4.2	Vi skapar trygge lokalsamfunn	22
4.3	Vi skal vere ein samskapingskommune – vi er EIN!.....	23
5.	Vi utviklar Sunnfjord kommune og Førde by som leiande regionsenter i Vestland fylke ..	24
5.1	Førde som regionby.....	25
5.2	Førde som utdanningsby	25
5.3	Vi skal jobbe for grøn næringsutvikling, innovasjon og berekraftig bruk av naturressursar	26
5.4	Kulturelt tyngdepunkt i Vestland fylke	26
5.4	Vi skal byggje opp eit kultur- og naturbasert reiseliv.....	27
6.	Arealstrategi - effektiv disponering av areal.....	29
6.1	Effektiv arealdisponering	30
6.2	Utbyggingsmønster og senterstruktur	30
6.3	Konsekvensar av store vegprosjekt	30
6.4	Næringsareal	30
6.5	Overordna strategiar for arealplanlegging i Sunnfjord kommune	32
7.	Kommuneplanen sin handlingsdel	33
7.1	Handlingsregel	34
7.2	Mål og utviklingsretning	34
7.3	Årleg rullering – økonomiplan	34

1. Velkommen til Sunnfjord

- kommunen med mangfald!

Samarbeid, berekraft, auka attraktivitet og synleggjering av mangfaldet vårt er sentrale stikkord for den første kommuneplanen til Sunnfjord kommune. Planen vidarefører målsettingane i intensjonsavtalen frå kommunesamanslåinga om gode kommunale tenester og Sunnfjord kommune som kraftsenteret mellom Bergen og Ålesund.

Vi skal ha folketalsvekst og vi skal ha ei berekraftig utvikling i åra framover. Myndigheiter, næringsliv og sivilsamfunnet må samarbeide for å lukkast med både berekraftig sosial, økonomisk og miljømessig utvikling. Samarbeid for å nå måla - FN sitt berekraftsmål nr. 17 - ligg som ein grunnpilar i heile planen.

Vi skal saman skape det gode kvardagsliv for innbyggjarane i Sunnfjord kommune. Vi skal saman skape eit sterkt regionsenter i Vestland fylke. Vi skal saman auke attraktiviteten vår for å sikre folketalsvekst. Vi skal saman jobbe for å vise fram mangfaldet vi har i kommunen. Lukkast vi med dette, lukkast vi også med målsettingane i planen!

Saman blir vi drivande gode!



Kommunedirektør
Ole John Østenstad

1.1 Om kommuneplanen

Kommuneplanen er kommunen sitt viktigaste overordna styringsdokument saman med økonomiplanen. Det set rammene for korleis vi ynskjer at Sunnfjord kommune skal utvikle seg. Planen skal ta omsyn til både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Alle kommunar er pålagt å utarbeide ein samla kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel og ein arealdel.

Dette dokumentet er kommuneplanen sin samfunnsdel.

Planen har eit langsiktig perspektiv, og er eit verktøy for kommunen i møte med nye og endra utfordringar. Kommuneplanen skal bidra til at vi har eit meir føreseieleg tenestetilbod og arealbruk.



I dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging for 2019 – 2023 legg regjeringa vekt på at kommunane skal planlegge for ei berekraftig samfunnsutvikling, sikre sosial rettferd og god folkehelse. **Det er tre dimensjonane i arbeidet med berekraft: økonomi, miljø og sosiale forhold.**

Hovudmål

Sunnfjord kommune er ein attraktiv kommune med folketalsvekst og berekraftig utvikling



Målsettinga skal sikre både sosial, miljømessig og økonomisk berekraftig utvikling av lokalsamfunn og tenester.

FN sitt berekraftsmål nr. 17 handlar om at vi må samarbeid for å nå måla, og saman med visjonen vår – Saman blir vi drivande gode – ligg dette som ei overbygning i delmåla og strategiane i planen.

Vi skapar det gode kvardagsliv for innbyggjarane våre!

Delmål 1

Utviklingsretning

Vi legg til rette for gode bumiljø og ein aktiv og saumlaus kvardag

Vi skapar trygge lokalsamfunn

Vi skal vere ein samskapingskommune – Vi er EIN

Strategi

Saman skapar vi gode bumiljø gjennom berekraftig tettstad- og byutvikling

Saman skapar vi ein aktiv og inkluderande kommune

Saman skapar vi ein trygg kvardag for innbyggjarane våre

Saman jobbar vi for eit klimatilpassa samfunn

Saman sikrar vi god beredskap


Saman om ein ansvarleg økonomi

Saman blir vi drivande gode

Vi utviklar Sunnfjord kommune og Førde by som leiande regionsenter i Vestland!

Utviklingsretning

Strategi



1.3 Medverknad i planprosessen



Plan- og bygningslova set krav til medverknad i kommuneplanarbeidet.

Koronapandemien har utfordra oss i forhold til tradisjonelle måtar å bruke medverknad på, som t.d. folkemøter. Vi hadde også ynskje om å reise ut på møtestadane til dei eldre innbyggjarane våre og studentane i kommunen. Dette lot seg ikkje gjennomføre i pandemien.

Vi har derfor i stor grad nytta digital medverknad.

Innspel er henta får følgjande medverknadsprosessar:

- Møter med leiargruppa i kommune og presentasjonar for einingsleiarar
- **Politiske verkstader** med kommunestyret
- Verkstad med Eldrerådet, Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdomsrådet
- To møter i regionalt planforum
- Min hjartestad i Sunnfjord kommune: innbyggjarane vart oppmoda om å bruke **#minhjartestadisunnfjordkommune** i sosiale medie for å synleggjere kva plassar i kommunen som var viktige for dei
- Born og unge: skuleklassar vart utfordra til å teikne «Min hjartestad i Sunnfjord kommune» - kva stader og møteplassar er viktige for dei unge i kommunen vår
- **Digital spørjeundersøking** retta til innbyggjarar og potensielle tilflyttarar i aldersgruppa 18-45 år.
- Resultata frå Sunnfjord Utvikling si undersøking om rekruttering og flyttevillighet som var retta både mot dei som vil flytte til kommune og næringslivet.

2. Dette er Sunnfjord kommune


- statistikk og utfordringsbilde



2.1 Folketal og folketalesutvikling

1. januar 2020 var vi 22 030 innbyggjarar i kommunen. SSB analyserer framskriving av folketalet etter høg, middels og låg vekst. Middels vekst er sett på som eit realistisk utgangspunkt. Forventa tal innbyggjarar i Sunnfjord kommune i 2050 ved middels vekst er 22427. Dette tilsvarar ein vekst på 2,0 %.

Figuren syner forventa folketalesutvikling i Sunnfjord kommune fram mot 2050



Figur 1: Framskrivning av folketalet i Sunnfjord kommune etter låg, middel og høg vekst. Kjelde: SSB

Den forventa veksten i folketal skuldast primært at vi lever lenger enn før og i mindre grad auke i tilflytting eller fødselsrate.

Dersom vi lukkast med målsettingane i samfunnsplanen om å gjere oss attraktive og få ein god folketalesvekst, så kan vi nærme oss framskrivingane for høg vekst som betyr at vi nærmar oss 25 000 innbyggjarar i 2050!

Sunnfjord kommune har ei demografisk endring i folkesamansetnaden mot 2050 som er nokså lik mange andre kommunar i landet: nedgang i tal born og unge i alderen 6-18 år, ein svak nedgang i tal innbyggjarar i yrkesaktiv alder og ein vekst i tal innbyggjarar i alderen 67 år og eldre.


Ved middels nasjonal vekst blir elevtalet redusert med 694 elevar fram mot 2040. I 2029 vil nedgangen vere på 631 elevar. Reduksjonen i elevtal vil vere dramatisk dei 10 første åra og skulestrukturen må tilpassast ei slik utvikling.

Elevtalet minkar og andelen i aldersgruppa 80 år og eldre aukar. Fram mot 2040 vil det i Sunnfjord kommune vere dobbelt så mange personar over 80 år som det er i dag.

Desse endringane krev ei stor omstilling av tenestetilbodet. Eldre innbyggjarar krev meir tenester enn yrkesaktive innbyggjarar. Når den relative andelen eldre veks, aukar også forsørgarbyrden på den yrkesaktive delen av innbyggjarane.

Samstundes skal vi ha med oss at eldre i dag er friskare enn før – dei held seg aktive lengre og kan framleis vere ein ressurs for samfunnet. Vi må derfor jobbe for at dei eldste innbyggjarane våre held seg aktive slik at vi kan nytte potensialet som ligg i ressursane som seniorane våre har!

Figurane viser folketalsutviklinga for ulike aldersgrupper i Sunnfjord kommune fram mot 2040



Figur 2 a og b: Forventa folketalsvekst i Sunnfjord kommune fram mot 2040 fordelt på aldersgrupper. Kjelde: SSB

2.2 Folkehelse og levekår

Folkehelsearbeid handlar om å jobbe for å fremje innbyggjarane si helse og trivsel, og redusere dei faktorane som kan påverke dette negativt. Folkehelseinstituttet utarbeider kvart år ein folkehelseprofil for kvar kommune. Denne profilen syner at det i hovudsak er godt å vere innbyggjar i Sunnfjord kommune.

Nokre hovudtrekk frå folkehelseprofilen til Sunnfjord kommune 2020 er:

- Lågare andel som bur i hushald med låg inntekt
- Færre åleinebuarar over 45 år
- Ungdomsskuleelevar er meir aktive
- Høgare forventa levealder både blant menn og kvinner
- Høgare andel innbyggjarar med vidaregåande skule eller høgare utdanning i aldersgruppa 30-39 år
- Svært god trivsel på skulen blant elevar i 10. klasse
- Fleire som opplever det som tryg å ferdast i nærmiljøet og som er nøgd med lokalmiljøet
- Lågare andel blant innbyggjarane som har hjarte- og karsjukdomar
- Vi ligg over landssnitt når det gjeld innbyggjarar over 45 år som bur i leigd bustad

Sosialt berekraftig lokalsamfunn er temaet for folkehelseprofilen. Det handlar om at innbyggjarane har tillit til samfunnet og kvarandre, kjenner seg trygge, føler at dei høyrer til og har tilgang til arbeid, utdanning og gode nærmiljø. Gjennom planane sine kan kommunen legge til rette for ei sosialt berekraftig samfunnsutvikling. Helse og trivsel vert skapt der folk lever og bur, og heng derfor tett saman med korleis vi utviklar stader som gjer det lett å ta helsevenlege val i kvardagen, og legge til rette for sosialt fellesskap og aktivitet for alle.

2.3 Klima og miljø

Sunnfjord kommune har store område med verdifulle landbruksareal, viktige friluftsområde og unike natur- og landskapsverdier. Stor utbyggingsinteresse i kommunen kan kome i konflikt med desse verdiane. Fleire innbyggjarar krev meir plass, og med auka transportbehov aukar også klimagassutsleppa. I framtida vil det vere viktig å utforme ein heilskapleg lokal areal- og transportpolitikk som tar omsyn til klima, natur og miljø.

Sunnfjord kommune sin plan for klimaomstilling vart vedteken i 2019. Det er eit hovudmål å redusere klimagassutsleppa med minst 40 % innan 2030 i forhold til 1990. Utsleppa på nasjonalt nivå har endra seg lite sidan 1990. Det finst ikkje gode statistikkar for kommunane så langt tilbake. Dei direkte utsleppa frå Sunnfjord kommune i perioden 2009-2019 har endra seg lite. Årlege endringar heng saman med kor mange store byggje- og anleggsprosjekt som pågår, til dømes nye strekningar på E39 i Gaular og Jølster. Vegtrafikk og jordbruk er dei store utsleppssektorane.

Direkte utslepp i Sunnfjord kommune 2009-2019



Figur 3: Direkte utslep i Sunnfjord kommune 2009 – 2019. Kjelde: SSB

2.4 Bustadutvikling

Det er bra byggeaktivitet i Sunnfjord kommune.

I 2019 vart det sett i gang bygging av 132 bustader og 82 bustader vart fullførte.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Måltal										
Igangsette bustader	99	116	156	91	119	104	186	89	95	132
Fullførte bustader	76	90	127	144	124	87	80	148	112	82

Figur 4: Tal igangsette og fullførte bustader i Sunnfjord kommune 2010

7317 av bustadane i Sunnfjord kommune ligg i tettbygde strøk, medan 3754 ligg i spreiddbygde strøk. 88 % av bustadane i spreiddbygde strøk er einebustader, medan andelen er 47 % i tettbygde strøk.

Fordeling av typar bustad i Sunnfjord kommune

	Andel boliger (prosent)	
	2020	2021
Enebolig	62	61
Tomannsbolig	9	9
Rekkehus, kjedehus og andre småhus	14	15
Boligblokk	9	10
Bygning for bofellesskap	2	2
Andre bygningstyper	3	3

Figur 5 Kjelde: <https://www.ssb.no/statbank/table/12941/tableViewLayout2/>

2.5 Næringsutvikling og arbeidsplassar

Sunnfjord kommune har over 12 000 arbeidsplassar der hovudtyngda er lokaliserte i Førde. Sunnfjord kommune er i stor grad eit integrert bu- og arbeidsområde der dei aller fleste både bur og jobbar i kommunen. Per 01.01.20 var det 1608 innbyggjarar som pendla til jobb i annan kommune. Tilsvarande har vi knappe 2000 personar som pendlar inn til Sunnfjord kommune for å jobbe.

NHO rangerer kommunane etter attraktivitet og lokal vekstkraft, med bakgrunn i tilhøve i næringslivet, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi. NHO rangerer Sunnfjord på 6 plass i Vestland fylke og 44. plass nasjonalt i kommune NM for 2021.


Sunnfjord kommune har ein relativt låg andel av privat sysselsetting (57%), og vi har relativt få med fagbrev. Samtidig har vi svært låg arbeidsløyse på 1.1 %, og vi har fleire unge enn eldre arbeidstakarar. 9 % av arbeidstakarane har minimum 4 års høgare utdanning, Det er berre Sogndal og Bergen som har større andel høgare utdanning. Sunnfjord kommune ein god demografi blant arbeidstakarane våre. I tillegg har vi ein svært høg sysselsettingsgrad på 85.5 %, noko som er godt over både fylkes- og landsgjennomsnittet. Dermed er også tal uføre lågt.

Offentleg sektor er den største næringa i Sunnfjord med 43 % sysselsetting, men flest arbeidsplassar er det i privat næringsliv (6 905). Handel, bygg og anlegg og kompetanse/anna tenesteyting (finans, teknisk, juridisk og IT) har flest sysselsette i privat næringsliv. Førde er det største handelssenteret mellom Bergen og Ålesund.

Vi har likevel hatt størst nedgang i sysselsette i handel, samt landbruk, dei siste 10 åra. Begge desse næringane er inne i ei tid med store endringar, der forbruket og handelsmønsteret kan forsterke denne utviklinga.

Sunnfjord Utvikling AS (SU) er kommunen sitt utovervende nærings- og tiltaksapparat. Føremålet er å bidra til utvikling i Sunnfjord. Dei skal hjelpe nye etablerarar, og legge til rette for at eksisterande næringsliv kan utvikle seg vidare og skape ny aktivitet.

Tal sysselsette i utvalte næringar 2019:



Figur 6: Tal sysselsette i utvalte næringar 2019. Kjelde: SSB

Strategisk næringsplan for Sunnfjord 2019-2022 har som overordna mål: «Sunnfjord kommune skal vere ein sterk vekstregion i nye Vestland fylke». I planen vert det vist til at: «Næringslivet har potensiale for vekst, men vår største utfordring er tilgang på arbeidskraft med rett kompetanse».

Dei demografiske endringane påverkar arbeidskraftbehovet negativt – det vert monaleg færre arbeidstakarar i 2040 samanlikna med i dag.

2.6 Ny kommune

Sunnfjord kommune vart etablert 01.01.2020 og vi må framleis sjå på oss som ein ny kommune i den store samanheng. Å slå saman 4 tidlegare kommunar med 82 tenesteingar, 2200 tilsette og 2 milliardar i årleg driftsbudsjett er ei formidabel oppgåve. Ulike tradisjonar og kulturar skal bli ein ny felles kultur. Framleis står det att ein stor jobb med å få til ei god harmonisering og vil også prege oss i byrjinga av denne kommuneplanperioden.

2.7 Attraktivitet

Gjennom innspela til kommuneplanarbeidet kjem det klårt fram at eit av dei viktigaste tinga vi må jobbe med, er å auke attraktiviteten vår. Vi må jobbe for at folk vert buande i kommunen og at folk ynskjer å busetje seg i kommunen.

Forsking viser at tilbakeflytting ikkje er nok til å dempe folketalsnedgang. Det er tilflyttaren vi må nå. Sunnfjord må gjere eigne særleg fortrinn og særtrekk kjende og tilgjengelege for omverda. Kva har kommunen å by på? Kva er det som gjer det godt å bu i Sunnfjord kommune?

Vi må særleg synlegegjere at vi er ein kommune med mangfald og moglegheiter – vi kan tilby litt av det meste anten ein ynskjer å bu sentralt eller meir landleg, vi har tilgang til breitt spektr av servicenæringar, vi har mange ulike aktivitetar og vi har ein variert arbeidsmarknad.

2.8 Kommunale tenester og økonomi

Ei viktig oppgåva framover er å legge til rette for at vi framleis gir eit god velferdstilbod. Behovet for tenester vil auke, særleg innan helse og omsorgssektoren som følgje av stadig fleire eldre. I tillegg er det auka forvetningar til tenestene vi leverer. Både innbyggjarar og næringsliv ynskjer saumlause tenester lokalt, medverknad og individuell tilpassing. Vi må produsere tenestene meir effektivt. Det betyr at vi må vere nyskapande og omstillingsdyktige. Vi må tenke nytt om innhaldet i tenestene våre og vi må tenke nytt om korleis dei skal utførast. Førebyggig og folkehelse er viktig aspekt i dette. Erfaringar vi har gjort gjennom koronapandemien vert også viktig å ta med seg i planlegging av tenestene framover, og har også gitt oss nokre moglegheiter til å tenkje nytt og innovativt.

For å gje eit godt velferdstilbod, må vi sikre ein god kommuneøkonomi. Kommunar med sunn og berekraftig økonomi og stort handlingsrom, er kjenneteikna ved netto driftsresultat (overskot) på minimum 1,75 %, netto lånegjeld på 50 % og disposisjonsfond på 10 % av brutto driftsinntekter. Etter ny kommunelov er kommunane pliktig til å vedta handlingsreglar for definerte nøkkeltal.

Netto driftsresultat for Sunnfjord kommune i 2020 var 0,63 %. Disposisjonsfondet utgjorde 4,6 % av driftsinntektene, som då der under tilrådd nivå (10 %).

3. Mål og visjonar

for Sunnfjord kommune

- FN sin berekraftsmål i lokalt perspektiv
- Intensjonsavtale ved etablering av Sunnfjord kommune
- Mål og satsing for Sunnfjord kommune
- Visjon og verdier



3.1 Berekraftig utvikling - i eit lokalt perspektiv

Berekraftig utvikling er ei utvikling som gjev økonomisk vekst og betre levekår for folk i dag utan å tære på livsgrunnlaget for framtidige generasjonar. FN sine 17 mål og 169 delmål for ei berekraftig utvikling vart vedteke i 2015. Her er klima og miljø, sosiale forhold og økonomi sett i samanheng for å skape ei berekraftig utvikling fram mot 2030.

Måla er basert på globale utfordringar, og Norge er forplikta til å arbeide etter desse. Det er nasjonale forventningar til at kommunane skal ta omsyn til desse måla i planlegginga si.

Sunnfjord kommune har sett på korleis vi lokalt kan bidra til å redusere globale utfordringar, og tatt omsyn til dette i kommuneplanen.

Døme på område der vi kan bidra lokalt:

- Motverke auka klimagassutslepp
- Motverke auka press på land- og sjøareal
- Sikre ei berekraftig arealdisponering som støttar nasjonale mål om nullvekstutslepp
- Fremje berekraftig bruk av økosystema
- Prioritere helsefremjande og førebyggjande arbeid for å sikre friske innbyggjarar som har høg grad av trivsel, samhald og deltaking i samfunnet
- Redusere sosial ulikskap Sikre ein trygg økonomi for å kunne tilby gode tenester og vere rusta til å møte behova i framtida.
- Sikre at born og unge får ei god utdanning og utvikling slik at dei kan delta aktivt i samfunns- og arbeidsliv som vaksne og ta gode framtidretta val som fremjar eigne liv og helse.



Figur 7: Norsk versjon av FN sine berekraftsmål

3.2 Intensjonsavtalen for etablering av Sunnfjord kommune

I intensjonsavtalen for etablering av Sunnfjord kommune vart det etablert to hovudmål og fire delmål for formålet med samanslåinga av dei 4 kommunane.

Det har vore viktig å byggje vidare på desse intensjonane fordi dette var det vi ville oppnå ved å bli ein større kommune. Målsettingane i samfunnsplanen tar opp i seg både hovudmåla og delmåla frå intensjonsavtalen.



3.3 Grunntanken i målsettingane

I lys av statistikk, utfordringar og nasjonale forventningar som vi har peika på ovanfor, er det særleg 3 omgrep som er **sentrale for dei måla** vi skal jobbe for fram mot 2030 :

- Berekraft
- Attraktivitet
- Synleggjere mangfald

Vi skal jobbe for ei **berekraftig** utvikling – både økonomisk, sosialt og miljømessig, og sikre Sunnfjord kommune sitt bidrag for å nå FN sine berekraftsmål.

Vi må jobbe for å auke **attraktiviteten** vår. Medverknadsprosessane har synt oss at **mangfald** er noko vi kan profilere kommunen på. Dei som vil busette seg i Sunnfjord kommune ynskjer gode bustader, spanande jobbar, barnehageplass og gode skular, samt varierte aktivitetar. Vi kan tilby alt dette og meir til, men vi må bli flinkare til å løfte det fram og gjere oss synlege som ein attraktiv stad å bu!

Sunnfjord kommune har mange kvalitetar vi kan vere stolt av! Her kan du velje å leve urbant eller landleg. Vi er på linje med større byar på kva vi kan tilby av differensierte arbeidsplassar med gode fagmiljø, noko som også gjer at det er mogeleg å bytte jobb utan å skifte bustadadresse. Vi har eit mangfald av aktivitetar og vi kan velje om vi vil nyte flott natur og friluftsliv, ha ein meir urban livsstil eller litt av begge deler.

Innbyggjarane våre skal oppleve at dei har ein **saumlaus kvardag** fordi det er raskt og enkelt å ferdast mellom heim, skule, jobb og aktivitetar – anten ein vel bil, kollektiv, sykkel eller gange.

3.4 Mål og satsing for Sunnfjord kommune

For å oppnå berekraftig utvikling, auke attraktiviteten og synleggjere mangfaldet vårt, har vi derfor sett oss følgjande hovudmål og delmål:

Hovudmål

Sunnfjord kommune er ein attraktiv kommune med folketalsvekst og berekraftig utvikling

Delmål

1. Vi skapar det gode kvardagsliv for innbyggerane våre!

- Vi legg til rette for gode bumiljø og ein aktiv og saumlaus kvardag
- Vi skapar trygge lokalsamfunn
- Vi skal vere ein samskaping-kommune – Vi er EIN

2. Vi utviklar Sunnfjord kommune og Førde by som leiande regionsenter i Vestland fylke!

- Vi skal utvikle Førde som regionby
- Vi skal utvikle Førde som utdanningsby
- Vi skal jobbe for grøn næringsutvikling, innovasjon og berekraftig bruk av naturressursar
- Vi skal vere eit kulturelt tyngdepunkt i Vestland fylke
- Vi skal bygge opp eit kultur- og naturbasert reiseliv

Effektiv arealdisponering skal sikre at vi når desse måla, og gjennom arealstrategien i samfunndelen legg vi føringar for kommuenplanen sin arealdel.

18

Desse måla skal vi nå ved å løfte fram berekraftsmål nr. 17 – Samarbeid for å nå måla - og Sunnfjord kommune sin visjon – Saman blir vi drivande gode.

Sunnfjord kommune skal jobbe saman på regionalt nivå, med næringsliv, frivillige og innbyggjarar for å nå måla. Vi skal vere SAMAN om å skape berekraft, attraktivitet og synleggjere mangfald i Sunnfjord kommune!

Visjon

Saman blir vi drivande gode

Verdiar

**Vi er EIN
Engasjert - Inkluderande - Nær**

FN berekraftsmål nr.17

Samarbeid for å nå måla

3.5 Slik skal vi måle at vi er på rett veg

Kommuneplanen er den planen som er overordna alle andre planar i kommunen. Målsettingane vert derfor også på overordna nivå, og så vert dei konkretisert meir i handlingsdelen til kommuneplanen. Det kan derfor vere utfordrande å måle om vi er på rett veg.

Vi har likevel statistikk og indikatorar som vi kan nytte for aktivt å måle om det skjer endringar og om endringane går rett veg. Døme på slike verktøy vi vil bruke er:

- Statistikk over folketalsutvikling (SSB)
- Folkehelseprofil for Sunnfjord kommune
- Kostratal (KommuneStatRapportering)
- Kommunal rapport sitt kommunebarometer
- NHO sitt kommuneNM som har særkilt fokus på næringsliv og sysselsetting
- Brukar- og innbyggjarundersøkingar

Vidare vil vil i handlingsdelen ha meir konkrete tiltak som kan koplast mot spesifikke måleindikatorar.



4. Delmål 1: Vi skapar det gode kvardagsliv for innbyggjarane



FN

berekriftsmål:

nr. 3,4,8,10,11,12,13 og 17

Gode kvardagsliv handlar om at alle innbyggjarane i Sunnfjord kommune skal ha det bra der dei bur, anten dei er 4 eller 80 år. Vi skal jobbe helsefremjande med mål om gode, trygge, robuste born og unge, og vi skal møte dei eldre sine behov for å leve eit trygt og sjølvstendig liv så lenge som mogeleg.

Eit godt liv vert skapt saman med familie og vener, i arbeidsfellesskap og nettverk, og i aktive lokalmiljø. Å skape trygge samfunn handlar om å sikre innbyggjarane ei rettferdig fordeling og lik tilgang på gode og ressursar. Kommunen vil vere med å skape gode rammer rundt innbyggjarane sine liv. Mangfaldet skal nyttast som ein ressurs i utviklinga av nærmiljøa, gjennom involvering og samskaping.

Attraktive lokalsamfunn er ein kvardag utan å sitte i kø, med spanande jobbmoglegheiter, kulturliv og urbane kvalitetar – med naturen som nabo.

4.1 Vi legg til rette for gode bumiljø og ein aktiv og saumlaus kvardag

Stadutvikling er ein viktig strategi for omdømmebygging. Vi vil utvikle kommunen med kvalitetar som gjer den attraktiv for noverande og framtidige innbyggjarar. Det inneber at innbyggjarane mellom anna har tilgang til ein passende bustad til ein pris dei kan betale. God variasjon når det gjeld arbeidsplassar, tilgang til skule og barnehage, offentlig transport, sosiale møteplassar og kommunale tenester er også avgjerande for gode liv og viktig for utjamning av sosiale skilnader.



- Vi bygger vidare på eksisterande by- og tettstadstruktur
- Vi skal bruke arealet vårt på ein slik måte at det fremjar gode oppvekstmiljø, blågrøne kvalitetar og miljøvenlege transportformer
- Vi skapar gode byrom og myldreplassar som fremjar kontakt mellom innbyggjarane
- Vi vil at innbyggjarane skal kunne velje å leve urbant eller landleg, men også landleg liv med urbane kvalitetar
- Vi skal vere blant dei beste i landet når det gjeld kvalitet i barnehage og skuletilbod
- Vi skal leggje til rette for aktivitet der folk bur og oppheld seg

- Vi skal saman skape ein kultur for aktiv bruk av møteplassane våre slik at dei blir verande
- Bilen er eit gode i kommunen vår og vi legg til rette for at det framleis blir det, men vi skal også jobbe for veseenteleg auka bruk av kollektiv, sykkel og gange ved å sikre at dette vert attraktive og effektive transportmiddel.
- Vi har tidleg dialog og samarbeid med private utviklarar og innbyggjarar for å leggje til rette for raskare, billegare og variert bustadbygging
- Vi skal mobilisere seniorressursane slik at innbyggjarane skal «Leve heile livet» med aktive leveår livet ut



- Vi ha aktive lokaldemokrati
- Vi har ein god dialog med innbyggjarane, frivillege og næringslivet som bidreg til inkludering og engasjement
- Vi utviklar varierte og fleirfunksjonelle myldreplassar – inne og ute – som inviterer til sambruk og samhandling mellom folk med ulik alder, bakgrunn og behov
- Vi skal sikre at alle innbyggjarane har mogelegheit til å delta i samfunnslivet ved aktiv inkludering og sikre at universell utforming vert lagt til grunn i alle kommunale planar
- Vi samarbeider lokalt for at alle born og unge skal få delta i minst ein organisert fritidsaktivitet i tråd med Fritidserklæringa
- Vi skal bli gode på integrering slik at dei som flyttar til kommunen vår ynskjer å bli buande her

4.2 Vi skapar trygge lokalsamfunn

Det skal vere trygt å bu i Sunnfjord. Kva som skaper tryggleik er ulikt frå person til person. Det kan vere å kunne gå ute åleine på kveldstid, oppleve godt naboskap, at borna kan leike fritt i nærområdet, men også at ein har fast inntekt og gode relasjonar. Innbyggjarane våre skal oppleve at det er trygt å ferdist mellom heim, skule, jobb og aktivitetar.

Ulike hendingar dei siste åra, både lokalt og nasjonalt, syner også at vi må ha gode planar og beredskap for å handtere uønska hendingar eller krisesituasjonar. Å sikre ein forsvarleg kommuneøkonomi er naudsynt for å kunne gje innbyggjarane dei tenestene dei treng for å vere trygge i kvardagen



- Vi skal jobbe for at alle born og unge i Sunnfjord kommune har ein trygg og tilpassa oppvekst der dei blir inkluderte, har ein god barnehage- og skulekvardag og deltar i eit variert fritidstilbud.
- Vi har gode rutinar for tidleg å fange opp born og unge som vi er bekymra for slik at dei får den hjelpa dei treng

- Vi legg til rette for at dei eldste innbyggjarane våre meistrar livet lenger og kjenner seg trygg på at dei får god hjelp når dei treng det
- Vi sikrar trygg ferdsel frå bustadområde til barnehagar, skular, jobb og aktivitetar i nærmiljøa
- Vi samordnar den kriminalitetsførebyggjande innsatsen for å bidra til ein tryggare kvardag.



- Vi reduserer risiko og sårbarheit gjennom førebyggjande arbeid, styrka beredskap og betre evne til krisehandtering
- Alle som har ei rolle i kommunen si krisehantering har kompetanse til å utføre sine oppgåver.
- Vi skal samarbeide med private, frivillige og andre offentlege aktørar når vi kartlegg, førebyggjer og avgrensar uønske hendingar



4.3 Vi skal vere ein samskapingskommune – vi er EIN!

FN sine berekraftsmål nr. 17 seier at samarbeid er naudsynt for å nå dei øvrige berekraftsmåla. Vi ynskjer at Sunnfjord kommune skal vere ein samskapande kommune der vi utviklar løysingar saman med andre – ikkje berre internt i kommunen, men også med innbyggjarar, næringsliv, forskingsmiljø og frivillege organisasjonar. Innbyggjarane skal ha tillit til oss, at vi kan tilby tenester dei treng, at politikarane har samfunnsinteressene i tankane og at velferdsstaten gir oss økonomisk tryggleik dersom behovet er der. For å få dette til, må vi samarbeide!



- Vi skal medverke til å nå Vestland fylkeskommune sitt mål om nullutslepp i Vestland innan 2030
- Vi legg til rette for at eksisterande og framtidige bustadområde er tilstrekkeleg sikra mot auka naturfare som følgje av at klimaet endra seg
- Vi utviklar møteplassar og offentleg infrastruktur med blågrøne løysingar som er tilpassa endringar i klimaet



- Vi sikrar sunn økonomi med eit langsiktig perspektiv.
- Vi følgjer opp vedtekne handlingsreglar for økonomistyring
- Vi brukar ny teknologi og innovative løysingar i utviklinga av tenestene våre, som digitale løysingar, sjølvbetjeningssløysingar og velferdsteknologi for å auke inntekter, redusere utgifter og gje betre tenester
- Vi prioriterer knappe ressursar ut frå ein heilskapleg og langsiktig strategi



- Vi er ein engasjert kommune som til ei kvar tid jobbar for innbyggjarane
- Vi brukar og utviklar nye lokaldemokratiske ordningar
- Vi har kompetente, kunnskapsrike og framtidsretta tilsette som jobbar til beste for kommunen
- Vi er open og imøtekomande for innbyggjarane sine behov
- Vi gjennomfører brukar- og innbyggjarundersøkingar for å sikre kvalitet i tenestetilbodet
- Vi legg FN sine berekraftsmål til grunn når vi utviklar organisasjonen og samfunnet.

5. Delmål 2: Vi utviklar Sunnfjord kommune og Førde by som leiande regionsenter i Vestland fylke

24



Eit viktig mål i intensjonsavtalen ved etablering av Sunnfjord kommune var at vi skulle vere drivkraft og fylkessenter i Sogn og Fjordane. For å få dette til, er det viktig med eit sterkt kommunesenter.

Dersom kommunesenteret utviklar seg, vil dette også ha positiv effekt på tettstandane og grendene rundt, og gjere det attraktivt å bu der. Vi må både styrke Førde som regionby, men også sikre næringsutvikling og innovasjon i heile kommunen. Vi skal også auke attraktiviteten vår ved å styrke Førde som utdanningsby, gjere kommunen til eit kulturelt tyngdepunkt og gjere den attraktiv som besøksmål.

FN

berekraftsmål:

nr. 2,3,4,9,11,12,13 og 17

5.1 Vi styrkar Førde som regionby

Regionbyen Førde er det sterkaste regionssenteret mellom Bergen og Ålesund. Vi har eit mangfald av handel og anna næringsliv, og kan tilby arbeidsplassar med gode fagmiljø. For å styrke regionbyen ytterlegare, så må vi skaffe endå fleire arbeidsplassar, byggje næringsklynger og tilby gode fagmiljø, gjere byen attraktiv som arrangementsstad, og ha eit godt kollektivtilbod i og inn til byen.



- Vi skal skape eit meir urbant, kompakt, levande og attraktivt bysentrum i Førde
- Vi skal jobbe for å vere ein attraktiv lokaliseringsstad for både ny handel, næringsverksemd, regionale og nasjonale arbeidsplassar
- Vi skal bygge omdømmet vårt og synleggjere alle mogelegheitane vi har i Sunnfjord for å tiltrekke oss både innbyggjarar og arbeidsplassar
- Vi skal profilere Førde og regionen rundt som ein attraktiv som arrangementstad og skape fleire møteplassar for kultur, idrett, oppleving og rekreasjon
- Vi skal arbeide for å betre det kollektive transporttilbodet i og rundt Førde
- Vi styrkar Førde lufthamn sin posisjon som flyplass for regionen

- Vi samarbeider med helseforetak og høgskule for å styrke rolla til Førde sentralsjukehus

5.2 Vi utviklar Førde som utdanningsby

Førde har i dag tilbod om både vidaregåande utdanning, fagskule og høgskule, men vi har potensiale til å utvikle dette tilbodet ytterlegare og byggje opp Førde som ein god stad å ta utdanning. Vi må gjere oss attraktive for studentane slik at dei ynskjer å kome hit, og vi må tilby dei eit godt kvardagsliv når dei er her slik at fleire av dei blir verande etter endt utdanning.



- Vi skal jobbe for eit best mogeleg studietilbod for dei som vil ta vidaregåande utdanning i Førde
- Vi skal bidra til å utvikle Campus Førde til eit universitetscampus på Vie i tett samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen, og Helse Førde.
- Vi skal skape ein trygg, attraktiv og levande studentby ved å lokalisere studentbustader, service- og aktivitetstilbod i sentrum
- Vi skal vere med å sikre eit relevant og godt studietilbod saman med Fagskulen på Vestlandet, HVL, og UiB
- Vi skal saman med næringslivet bidra til at studentar får mogelegheit til å jobbe ved sidan av studia, og synleggjere karrieremogelegheitane dei har i regionen slik at dei fleire blir verande etter endt studietid.

5.3 Vi skal jobbe for grøn næringsutvikling, innovasjon og berekraftig bruk av naturressursar

Sunnfjord kommune er i ein god posisjon for å møte omstilling til nullutsleppssamfunnet. Som ein naturressurskommune og handelsby ynskjer vi spesielt å satse på vekst i sirkulærøkonomien innan handel, landbruk og transport. Dette handlar om å vere med på å utvikle verdikjeder der råstoffutvinning, produksjon og gjenbruk heng saman i ein syklus der ressursar frå ein prosess vert nytta som innsatsfaktorar i ein annan. Vi må vere innovative for å skape vekst i nye arbeidsplassar og vi må kunne tilby næringsklynger og gode fagmiljø for å sikre inkluderande arbeidsliv.



- Vi skal stimulere lokale næringsaktørar til å fremje grøn næring
- Vi skal avdekke muligheiter og barrierer for grøn utvikling i Sunnfjord
- Vi skal samarbeide om grøn utvikling i heile regionen gjennom Fjordane interkommunale regionale råd. Ei positiv utvikling i regionen er også positivt for Sunnfjord kommune

- Vi skal skape sterke fagmiljø og legge til rette for å etablere næringsklynger
- Vi skal synleggjere at både nasjonale og regionale oppgaver kan løysast lokalt frå Sunnfjord
- Vi skal legge til rette for digital infrastruktur i heile kommunen
- Som vertskommune for mellom anna E-helse Vestland bidrar vi til at Vestland vert ein kraftregion innan teknologi i helse og omsorg.
- Vi skal styrke vår posisjon som den største landbrukskommunen målt i areal i Vestland fylke

5.4 Vi skal vere eit kulturelt tyngdepunkt i Vestland fylke

Sunnfjord kommune ynskjer å styrke og utvikle sin posisjon som kulturelt tyngdepunkt i Vestland. Dette vil auke attraktiviteten vår. Vi skal stimulere til eit aktivt og nyskapande kulturliv, samstundes som vi tar vare på historia og identiteten vår gjennom god forvaltning av kulturarven. Kunst og kultur er med på å setje viktige samfunnsmessige spørsmål på dagsorden. Det styrkar oss som lokalsamfunn og fremjar identitet, kreativitet, og auka helse og trivsel på individnivå.



- Vi skal bidra til at kultur- og idrettsaktivitetar har ei sentral rolle i utviklinga av lokalsamfunnet
- Vi skal skape gode vilkår både for frivilligheit og profesjonelle utøvarar og institusjonar
- Vi legg til rette for møteplassar som stimulerer til deltaking og offentleg debatt der mangfald, kreativitet, skaparkraft og aktivitet er høgt verdsett.
- Vi stimulerer til vidareutvikling av kulturinstitusjonane vi er vertskommune for (t.d. Nynorskhuset, Sogn og Fjordane museum, Astruptunet visningssenter)
- Vi skal vere eit nasjonalt kraftsentrum for nynorsk språk og kultur.
- Vi støttar opp om anleggsutvikling og vere bidragsytar for gjennomføring av større regionale kultur- og idrettsarrangement



- Vi tar vare på kulturarven som ressurs for kunnskap, oppleving, bruk og gjenbruk
- Vi samarbeider med musea i Sogn og Fjordane, fylkeskommunen, lag og organisasjonar om formidling av lokal kunst- og kulturhistorie, samt kulturminne

5.5 Vi skal byggje opp eit kultur- og naturbasert reiseliv

Reiselivsnæringa er ei næring i vekst både nasjonalt og internasjonalt. Måretta satsing på reiseliv er eit viktig tiltak for å auke attraktiviteten vår. I ei tid med ei utfordrande folketalsutvikling vil ei positiv utvikling i reiselivet vere ein viktig faktor for å oppretthalde sysselsetting, tenestetilbod og servicefunksjonar i heile regionen. Utvikling av reiselivet skal skape positive effektar i form av auka tilbod og attraktivitet for dagens innbyggjarar og potensielt nye tilflyttarar.



- Vi skal saman skape og formidle historiane om det gode liv i Sunnfjord for å inspirere til reiselyst
- Vi skal satse på å utvikle eit heilårleg, attraktivt og berekraftig reiseliv, basert på oppleving og aktivitet frå fjord til fjell
- Vi byggjer opp eit aktivitetsbasert reiseliv og synleggjer det potensialet kommunen har når det gjeld t.d. vandring, fiske, jakt og ski- og vinterturisme, sykkel, kajakk og breopplevingar
- Vi skal profilere Sunnfjord kommune som eit reisemål knytt til kunst- og kulturinteresse

- Vi skal vere eit bindeledd mellom aktørar innna kreative næringar, reiseliv og kulturminne
- Vi legg til rette for at Sunnfjord er ein attraktiv arrangørstad for store kultur- og idrettsarrangement
- Vi skal jobbe for å utvikle produkt og tilbod innan overnatting, mat og reiseopplevingar langs Nasjonal turistveg Gaularfjellet.



- Vi har mål om å sertifisere Sunnfjord som berekraftig reisemål
- Vi tilbyr attraktive og varierte tilbod som gjer at besøkande blir lenger i Sunnfjord
- Vi synleggjer og utviklar reisemåtar for å kome seg til og frå Sunnfjord med låge miljømessige konsekvensar
- Vi stimulerer reiselivsbedriftene og bransjen til å nytte lokale råvarer og legg til rette for høgare produksjon og tilkomst av lokale råvarer



6. Arealstrategi

effektiv disponering av areal

Arealstrategien er bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen. Overordna mål i arealstrategien skal gje føringar for kommuneplanen sin arealdel. Kommuneplanen sin samfunnsdel med ein langsiktig arealstrategi inneber verdival og veging av motstridande omsyn.



6.1 Effektiv arealdisponering

Kommunen skal gjennom ei klimavenleg og forsvarleg forvaltning av areala bidra til god folkehelse, gode bu- og oppvekstvilkår og miljøvenleg transport. Arealstrategien skal bidra til ei utvikling som samsvarar med lokale, regionale og nasjonale målsettingar. Gjennom effektiv arealdisponering tenkjer vi arealøkonomi for å redusere fotavtrykket til utbyggingsområde og transportbehov mellom målpunkt. Arealbruken i Sunnfjord kommune skal vere klima- og arealnøytral. Det betyr at vi må gjenbruke og fortette allereie utbygde areal framfor å bygge ut natur.

6.2 Utbyggingsmønster og senterstruktur

Ei konsentrert utbygging er ønskeleg for å redusere transportbehovet, ta omsyn til jordvern, sikre kulturlandskap og friluftsområde og gje grunnlag for eit robust kollektivtilbud. Veksten skal skje etter prinsippet «innanfrå og ut». Sentrale område skal transformerast/fortettast før nye område vert bygd ut. Ei slik utvikling vil styrke sentrumsstrukturane og hindre ei byspreiing.

80% av ny bustadbygging i kommunen bør skje innanfor byggesonene kring senterområda våre (sjå strategisk temakart i fig. under). Kommuneplanen sin arealdel skal gje nærmare fastsetting av byggesoner kring region- og lokal-senter i Sunnfjord.

6.3 Konsekvensar av store vegprosjekt

Store vegprosjekt som ligg inne i Nasjonal transportplan 2022-2033, vil få konsekvensar for arealutviklinga i Sunnfjord:

- E39 tunell gjennom Hafstadjellet
- Rassikring-tunell Rv5 Erdal - Naustdal



Masseoverskot

Begge desse prosjekta vil gje masseoverskot. Konsekvensane for bruk og plassering av massar, vert ei viktig oppgåve å ta stilling til gjennom arealdelen. I tillegg vil omkøyringsvegane kunne påverke utbyggingsmønsteret i Førde og Naustdal. Det vert viktig å ha eit bevisst forhold til kva vekstretning som er ønskeleg for sentrumsområda våre. Arealdelen må ta stilling til kva område som skal utviklast til plasskrevande handel og kva konsekvensar nye næringsparkar vil få for eksisterande sentrum.

6.4 Næringsareal

Nye plasskrevjande næringsområde skal lokaliserast i nærleiken av allereie etablerte næringsområde på Skei, Moskog og Sande langs E39. Sjå strategisk temakart.

Strategiske temakart viser prinsipp for korleis Sunnfjord kommune kan strekke seg mot ei effektiv arealdisponering. Målet i eit 30-års perspektiv vert å gå i retning av ei konsentrert senter- og transportutvikling.



Figur 8: Strategisk temakart med prinsippkisse for senter- og transportutvikling (illustrasjon: Sunnfjord kommune).

6.5 Overordna strategiar for arealplanlegging i Sunnfjord kommune

- 1 Redusere transportbehovet gjennom samordna bustad, areal- og transportplanlegging med vekt på mobilitet til fots, sykkel og kollektivtransport.
- 2 Legge til rette for høg arealutnytting i by- og senter område gjennom fortetting og transformasjon med kvalitet i omgjevnadene med vekt på arkitektur, byrom, kulturmiljø, grøn struktur og andre miljøverdier.
- 3 80% av ny bustadbygging i kommunen bør skje innanfor byggesonene kring senterområda våre (sjå strategisk temakart i fig. 5)
- 4 Bustadområde utanfor dei definerte lokalsentra skal skje i grendesenter.
- 5 Område avsett i gjeldande kommuneplanar til bygg og anlegg som ikkje er regulerte, og som ikkje er i samsvar med statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vert teke ut av kommuneplanen.
- 6 Nye utbyggingsområde skal utnytte eksisterande infrastruktur så langt det lar seg gjere. Tilkomst til viktige friluft- og naturområde skal sikrast.
- 7 Bygging av fritidsbustader skal i hovudsak skje ved fortetting i tilknytning til eksisterande område og styrking av eksisterande destinasjonar.
- 8 Arealbruken i Sunnfjord kommune skal vere klima- og arealnøytral.
- 9 Lokalisere og utvikle utbyggingsområde tilpassa konsekvensane av klimaendringane.
- 10 Masseoverskot frå større vegprosjekt i Sunnfjord skal bukast samfunnsnyttig. Dersom massane må deponerast skal ringverknadene for natur og miljø vere minst mogeleg negative.
- 11 Produksjonsareal for jord- og skogbruk, natur med viktige økosystemfunksjoner og viktige friluftsområde skal kartleggjast og takast omsyn til i arealplanar og utbyggingssaker.
- 12 Bruk av strandsone og vassdrag skal ikkje forringe verdiane i strandsona eller stenge tilgangen for befolkninga.

7. Handlingsdel for kommuneplanen

Kommuneplanen sin samfunnsdel seier noko om Sunnfjord kommune sine prioriteringar og vegval mot 2030.

Denne planen skal vurderast rullert kvart 4. år. Handlingsdelen til kommuneplanen med tilhøyrande økonomiplan har eit 4-årig perspektiv, men vert rullert kvart år.

Handlingsdelen gjev oss høve til å prioritere i tråd med satsingsområda i kommuneplanen.

Vi har valt å legge opp handlingsdelen slik:

- Handlingsregel
- Mål og utviklingsretning
- Økonomiplan



7.1 Handlingsregel

Handlingsreglane skal sikre ein berekraftig økonomi. Kommunestyret skal vedta handlingsreglar som kommunen skal følge under utarbeiding av budsjett og økonomiplan. Kommunestyret er gjennom kommunelova pålagt å følge opp at handlingsregelen vert fulgt, og sette inn tiltak dersom det blir naudsynt.

Det gjeldande handlingsreglane er vedteke i økonomoplan 2020 – 2025 :

- Netto driftresultat (overskot) på minimum 1,75 % i 2021 med ei opptrapping til 2 % i 2023
- Disposisjonsfondet skal vere minimum 5 % av driftsinntektene
- Nye låneopptak (utanom Husbanklån) skal ikkje overstige avdragsutgiftene.
- Den langsiktige gjelda skal ikkje overstige 90 % av driftsinntektene.

Dei årlege budsjetta må utarbeidast slik at det er midlar igjen som kan setjast på disposisjonsfond. Kommunen er i ein utfordrande situasjon. Vi ynskjer å auke kommunen sine reserver, redusere gjelda og bruke eigenkapital til å betale for deler av investeringane.

7.2 Mål og utviklingsretning

Måla i kommuneplanen vert følgt opp av ei utviklingsretning med tilhøyrande strategiar. Strategiane skal vere førande for det arbeidet vi gjer på tvers av sektorar. I samband med årleg budsjettprosess skal vi i størst mogeleg grad prioritere i forhold til vedtekne målsettingar og strategiar i kommuneplanen.

For å få dette til, skal kvar sektor og eining gjere greie for korleis kommuneplanen sine målsettingar og strategiar er i varetatt i neste års budsjett og økonomiplan.

Planlagte tiltak skal listast opp i eit skjema som er fargekoda i tråd med satsingsområde. Dette inngår som ein del av økonomiplanarbeidet og skal takast inn i økonomiplanen kvart år.

7.3 Årleg rullering – økonomiplan

Handlingsdelen vert rullert årleg i samband med økonomiplanprosessen. Det betyr at vedteken økonomiplan til ei kvar tid utgjer kommuneplanen sin handlingsdel.



Sunnfjord kommune

- Saman er vi drivande gode!

